



Bykle kommune
Sarvsvegen 14
4754 Bykle

Dykkar ref.

Vår ref. (bes oppgjeve ved svar)
2016/5119

Dato
28.06.2016

Oversending av utleppsløyve for Hartevatn slamhandsamingsanlegg - Bykle kommune

Fylkesmannen i Aust og Vest-Agder gjev Bykle kommune utleppsløyve til Hartevatn slamhandsamingsanlegg med visse føresetnader. Føresetnadene for løyve er vedlagt. Fylkesmannen har vedteke eit gebyr på kr 21 500 for handsaming av saka. Avgjerda kan klagast innan ei frist på 3 veker.

Vi viser til søknad om utleppsløyve datert 19.02.16.

Vedtak

Fylkesmannen i Aust og Vest-Agder gjev med dette utleppsløyve for Hartevatn slamhandsamingsanlegg med visse vilkår. Løyve med tilhørande vilkår følgjer vedlagt dette brevet. Løyve er gjeven med heimel i forureiningsloven § 11 jf. § 16.

Generelt

Fylkesmannen har ved avgjera om løyve samt fastsetting av vilkår, lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket og sett dei i samanheng med dei fordelar tiltaket vil føre med seg.

Vi vil understreke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utleppa er innanføre dei fastsette utleppsgrensene, har verksemda ei plikt til å redusere utleppa så langt det er mogleg utan urimelige kostnader. Det same gjeld utlepp av komponentar det ikkje uttrykkelig er satt grenser for gjennom særskilte vilkår i løyvet.

Løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringa skal være basert på skriftleg sakshandsaming og ein forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor sendast Fylkesmannen i god tid før endringa er ynskt gjennomført.

Sjølv om forureininga er tillaten kan ein ikkje sjå bort frå erstatningsansvar ved skade, ulemper eller tap forårsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyve, plikter verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollloven samt forskrifter som er heimla i dissa lovane. Enkelte av forskriftene er nemnd i løyvet. For informasjon om andre regler som kan være aktuelle for verksemdar, viser vi til www.regelhjelp.no.

Brot på utsleppsløyve er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krava som fylgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova samt forskrifter fastsatt i medhald av desse lovane, er straffbart.

Bakgrunn for saka

Bykle kommune planlegg å etablere eit handsamingsanlegg for hygienisering og stabilisering av avvatna slam frå det kommunale reinseanlegg. Ein vil plassere slamhandsamingsanlegget ved sidan av reinseanlegg på Hartevatn industriområde, Gnr, 2, Bnr. 835. Eigedomen er i kommuneplan Hovden 2013-2015 regulert til kommunalteknisk anlegg. Bykle kommune søker om løyve til slamhandsaming gjennom langtidslagring. Det søkjast om løyve til handsaming av 1000 m³ avvatna slam per år, men anlegget vil i fyrste omgang byggjast for handsaming av 550 m³ avvatna slam.

Avvatna slam frå Hartevatn reinseanlegg vert i dag frakta til Setesdal Miljø og gjenvinning IKS sitt anlegg på Syrtveit i Evje og Hornnes kommune for handsaming. Hartevatn reinseanlegget er dimensjonert for 14 400 pe og full utnytting av kapasiteten vil gje 960 tonn avvatna slam per år. I 2014 blei det transportert omtrent 370 tonn avvatna slam, noko som utgjør omtrent 37 gonger tur-retur Bykle til Syrtveit.

Planlagd handsamingsmetode for Hartevatn slamhandsamingsanlegg er langtidslagring noko som inneber at avvatna slam vert lagt i betongbingar og flytta frå ein bingje til ein annan ein gong per år. Total lagringstid for slammet er 3 år. Det er ved slamhandsamingsanlegg planlagt å etablere 4 betongbingar med støypte vegger og ei støypt botnplate med fall og sluk for å fange opp vatn frå slammet og nedbørsavrenning. Det er planlagt tak over betongbingane for å redusere påverknaden frå nedbør. Oppsamla sigevatn vil verte ført tilbake til reinseanlegget. Den planlagde metoden krev inga hjelpestoffer og etter handsaming vil slammet verte å rekne som jordforbetningsmiddel.

Miljøpåverknaden frå anlegget vil i hovudsak vere lukt. I følgje søknaden antek ein at lukt i hovudsak vil vere knytt til dei periodane slam flyttast frå ein betongbingje til ein annan.

Sintef Molab har utført ein spreingsanalyse for lukt for det planlagde slamhandsamingsanlegg på Hartevatn. Begningane er bassert på eit konstant utslepp av 2000 ou/s. Resultata viser at det må påreknas lukt i periodar. Eit hus ligg innanføre områder med stor luktrisiko, medan resterande busetnader er innanføre liten luktrisiko samt liten eller liten til midels luktfornemningsrisiko. Området er prega av kompleks topografi og det kan forkome betydelig meir komplekse vindfelt enn det som er kjem fram av resultata i rapporten.

Høyring

Søknaden har vore på høyring i perioden 08.08.16 – 10.05.16. Det har kome inn to høyringssvar frå høvesvis Fjellvåken Skytesenter og Otteraaens Brukseierforeing. Sweco har i samråd med Bykle kommune sendt kommentar til høyringsvaret frå Fjellvåken Skytesenter.

Otteraaens Brukseierforeing har i sitt høyringsvar ingen kommentarar til det planlagde slamanlegget.

Fjellvåken Skytesenter skriv i sitt høyrings svar at dei er bekymra for at lukt frå slammanlegget, då spesielt ved vestavind, kan øydelegge for drifta i den grad kundar/gjester ikkje ynskje å opphalde seg ved senteret. Dei har satsa på eit opplevings senter med fokus på grupper og turistar, og har investert mykje tid og pengar.

Sweco skriv i Bykle kommune sitt svarbrev til Fjellvåken Skytesenter at det vil vere mogleg å redusere luktulempene til eit minimum ved å tilpasse gjennomføring av dei ulike rutinane til vær høve og aktiviteten elles i nærområdet.

Fylkesmannens vurderingar

Lukt

Lukt er å rekne som den største miljøutfordringa med slamhandsamingsanlegget ved Harte vatn. Kompostering av slammet vil gå føre seg i eit utandørs anlegg og luktproblema vil difor være større enn ved eit lukka/innandørs kompostering. Det er antekje at lukt i hovudsak vil vere knytt til dei periodane slam flyttas frå ein betongbinge til ein annan. Ettersom Harte vatn slamhandsamingsanlegg i periodar vil ha potensiale for å gje mykje lukt, finn Fylkesmannen det nødvendig å regulere luktutsleppet og sette grenseverdi for lukt ved nærmaste nabo (immisjonsgrense). Krava for utslepp av lukt er satt med utgangspunkt i rettleiar frå Miljødirektoratet (tidlegare Klima- og forurensningsdirektoratet) TA-3019/2013 *Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven.*

For å halde eit kontinuerleg fokus på luktutsleppa er det viktig med eit godt system og gode rutinar. I følgje søknaden vil kommunen etablere eit system for registrering og handsaming av luftklagesaker. Eventuelle klager vil då medføre endra rutinar basert på når ein veit det er eit luktproblem. Fylkesmannen har lagt vekt på at ikkje berre uønska hendingar og klager skal leggest til grunn og det skal difor gjennomførast ei luktrisikovurdering. Ei luktrisikovurdering bør ha en gjennomgang av kva slags aktiviteter, hendingar og prosesser som kan medføre lukt, vurdere sannsynet og konsekvens av dette, og deretter risiko. På bakgrunn av risikovurderinga må kommunen utarbeide en drifts- og tiltaksplan som reduserer risikoen for lukt. Det skal også utarbeidast ein lukthandteringsplan og ein kommunikasjonsplan. Ein lukthandteringsplan skal bidra til å minimere skadeverknadene ved avvik frå normal drift slik at ein raskast mogleg kan få kontrollen på drifta. Varslingselementet er ein viktig del av ein lukthandteringsplanen og ein kommunikasjonsplan er difor viktig i beredskapen for å handtere eventuelle uventa luktepisodar. For å dokumentere at lukta frå anlegget er innanfor krava i løyve må kommunen loggføre alle klager. Verksemda skal årleg rapportere om talet på luktklager samt ei vurdering av lukthendingar ved verksemda det siste året. Ein skal skildre årsaka til hendinga og eventuelle tiltak som er gjort for å avgrense/ stanse utsleppet. I det tilfelle driftsforhaldene vert endra skal og risikovurderinga oppdaterast. Fylkesmannen kan krevje andre metodar/dokumenter i dei tilfella luktutsleppa er utanføre grenseverdiane.

Anlegget skal utformast slik at det er mogleg å gjere luktreduserande tiltak ved behov.

Støy

Drift av anlegget, deriblant transport av slam vil føre med seg støy til omgjevnadene. Sjølv om anlegget ligger på eit industriområde og ikkje blant fast busetnad er det fleire hytter i

nærleiken. Fylkesmannen finner det derfor nødvendig å sette grenser for anleggets bidrag til utandørs støy. Grensene er satt i samsvar til støygrensene i industrikapittelet.

Utslipp til vatn og omsynet til vatnforskrifta

Anlegget må drivast på en slik måte at det ikkje skal førekomme forureina utslepp til Hartevatn som ligg like ved. Sigevatn vil i følgje søknaden samlast og sendast til reinseanlegget. Drift av reinseanlegget er regulert i samsvar med løyve gjeven av Fylkesmannen 10.12.2008.

Vatnforskrifta har som målsetting at alle vatnførekomstar skal oppnå god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand innan 2021. Målsettingane i vatnforskrifta skal vurderas i samband med fastsetting av utleppsløyver. Det inneberer at myndigheitene ikkje kan gi et løyve som innebere utslepp som vil gje ein forverring av vatnkvaliteten til resipienten. Vi reknar med null-utslepp frå anlegget og difor ingen påverknad av Hartevatn. Omsynet til vatnforskrifta reknast derfor som ivaretatt i dette løyvet.

Naturmangfaldlova

I alle offentlige avgjerd som gjelde naturmangfaldet skal rettsprinsippa i naturmangfaldlova sin §§ 8-12, jf. § 7 leggas til grunn for avgjerda. Fylkesmannen forventar lite forureinande utslepp frå anlegget da vi setter nødvendige vilkår i løyvet for å redusere utslipp til et minimum. Bruk av miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar antek ein å være ivaretatt gjennom opplysningar i søknaden og i dei fastsette vilkår, jf. naturmangfaldloven § 12. Den største utfordringa ved anlegget antek ein å være luktutslepp. Lukt er i samsvar med føre-var prinsippet i naturmangfaldlova § 9 regulert gjennom vilkåra i løyve. Resterande prinsipp reknar ein med er vurdert gjennom vilkåra i løyve.

Med dei planlagde tiltaka og fastsette vilkår finn vi det forsvarleg å gje utleppsløyve for Hartevatn slamhandsamingsanlegg.

Underlag for løyve

Følgjande lover og forskrifter er særleg relevant for verksemda:

- Lov om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningforskrifta)
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova)
- Forskrifta om rammer for vatnforvaltninga (vatnforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse- og miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)

Tilhøve i anna lovverk

Det er for Fylkesmannen ein føresetnad at løyver for anna konsesjonspliktige tilhøve føreligg før dette løyv vert teke i bruk. Det er og ein føresetnad at inngrep og tiltak er i samsvar med gjeldande reguleringsplanar og at det er innhenta nødvendige løyver/dispensasjonar for tiltaket for eksempel etter plan- og bygningslova. Endringar i forhold til plan, som kan gi forureiningsmessige verkingar, skal føreleggast Fylkesmannen.

Fristar

Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak i samsvar med krav i løyve:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Luktrisikovurdering	01.02.2017	4.1.2
Drifts- og tiltaksplan for lukt	01.02.2017	4.1.3
Lukthandteringsplan og kommunikasjonsplan	01.02.2017	4.1.4
Egenkontrollrapport	1.mars kvart år	11

Risikoklasse

Risikoklasse angjev forureiningspotensialet til ei verksemd. Ved fastsetjing av risikoklasse skal ein ta omsyn til utsleppets art og størrelse samt resipientforholda. For slamhandsamingsanlegget ved Hartevatn er det lukt som ein antek er den viktigaste komponenten. På bakgrunn av opplysningar gjeve i søknaden, plasserast verksemda i risikoklasse 4, som er den lågaste risikoklassen. Ut frå plasseringa i risikoklasse bestemmer ein tilsynsfrekvensen og størrelse på gebyr ved tilsyn.

Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel om gebyr, datert 13.06.16. Fylkesmannen sitt arbeid med fastsetting av ustleppsløyve og kontroll er omfatta av ei gebyrordning, jf. forureiningsforskrifta *kap. 39 Gebyr til statskassen for arbeid med tillatelse og kontroll etter forurensningsloven*. Fylkesmannen vedtek at Bykle kommune skal betale eit gebyr etter sats 4. Satsen er vurdert ut frå ressursbruk i samband med handsaming av søknaden og potensiale for utslepp. Sats 4 svarar til eit gebyr på kr 21 500, jf. forureiningsforskrifta § 39-4.

Miljødirektoratet vil ettersende faktura med innbetalingsblankett.

Klagerett

Vi gjør merksam på at vedtak om ustleppsløyve kan klagast på til Miljødirektoratet innan 3 veker frå underretning om vedtak er komen fram. Ei eventuell klage må vere skriftleg og grunngjeve. Klage sendast til Fylkesmannen i Aust og Vest-Agder.

Med helsing

Ildikó Nordensvan
seniorrådgjevar

Cecilie H. Moen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjend og sendas difor utan underskrift.
Sakshandsamar: Cecilie Moen, telefon: 37017832

Kopi til:
Sweco Norge AS Postboks 120 3835 Seljord

Vedlegg

1 Ustleppsløyve med vilkår – Hartevatn slamhandsamingsanlegg